

Helgedagen



DEN NORSKE KIRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2024 56. årg.



Varden 10:13: Ein fin plass å møtast

Side 4-5



Prøv Alpha! Kvar og når? side 7



Open kjellar

side 14



Open kyrkje-kafé

side 10



Mysteriet Karendrakta

side 16

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: www.timekyrkjene.no

post@timekyrkjene.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høle Hetland tlf. 911 63 039

Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevevjerje:

Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time

Heimeside: www.timekyrkja.no

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177

Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974

Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Klokkar: Maren Dyingeland tlf. 905 65 198

Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf. 482 79 806

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus

Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne

Heimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818

Dagleg leiar:

Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080

Vikar ungdomsleiar: Jon Torger H. Salte tlf. 984 16 231

Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504

Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

Kyrkjelydsutviklar:

Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim

Heimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.noBryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.noUndheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Trufaste forvaltarar

Mange har vore på reise i sommar. Det har eg også. I år likna det på Telemark rundt. I bil og kanalbåt, på sykkel og til fots i fjellet. Ei reise i natur og kultur.

Å reisa gjennom norske bygder er ei reise gjennom den store betydninga som landbruket har for busetting, kulturlandskap og kulturtradisjonar i kunst, mat og handverk. For over alt står skogen og vil breia seg ut. Men like mykje står teikna på vilje til å forvalta garden, slå hardt tilkjempa dyrka jord, og gjera det vennleg for reisande å koma. Spor av stolte eigarar og audmjuke forvaltarar. Gode beskjedar: «Reis frå hytta i same stand som du fann ho». Både bufaste og reisande er forvaltarar som tek vare på og held i stand.

Det var imponerende å følgja Telemarkvassdraget nedover på sykkel og ta kanalbåten gjennom sluser oppover igjen. Kanalanlegget er ein kulturskatt, bygd dristig, restaurert og forvalta på beste vis!

Me hadde dei første åra som prestefolk i Telemark, i enden av kanalvassdraget, i Lårdal i Vest-Telemark. I sommar følgde subjektive auge godt med kva åra har gjort med landskap og folk sidan dei gyldne åra då me var +- 30. Og sikkert dei tilsvarande med oss grå- og tynnhåra også! Prestegarden i Lårdal, og ikkje minst hagen var i mykje betre stand då me var der! Men dei hadde stelt fint med kyrkja si. Både i Lårdal og i Eidsborg med stavkyrkja og museet. Og det gamle, tomme

hotellet på brygga ved Bandak hadde fått nytt liv. Ein forvaltar. Ei av mine første konfirmantar.



Stein Ødegård

Ho heldt hus med sjel og varme, Jesusbegeistring og gjestfritt sinn! Trufast.

Bibelen fortel at me er forvaltarar. Slik er det å vera skapt. Alt er fått. Alt er gitt av Gud. Heile livet, heile jorda og heile evangeliet. Eg held ikkje på med mitt. Eg har fått det og skal svara for det. Trufast på post og så klok at eg veit det.

Apostelen Paulus har viktige ord om å vera trufast i dette:

Nei, vi skal vera trufaste mot sanninga i kjærleik og i eitt og alt veksa opp til han som er hovudet, Kristus. Ut frå han blir heile kroppen sett saman og halden i hop av kvart støttande band, alt etter den oppgåva som kvar einskild lem har fått tilmålt. Slik veks kroppen og blir oppbygd i kjærleik. (Efes.4,15-16)

Å høyra til ei kyrkje er forunderleg stort. Å kunna sjå seg som Kristi kropp. Å kjenna seg viktig for at ikkje kroppen ikkje skal verta hemma. Kvar av oss er støttande band og forvaltarar, med ei oppgåve som svarar til gáva me har fått del i.

Det er stort å vera forvaltar. Ei glede å vera trufast.

Framsidedfoto: Varden 10:13 på Lye forsamlingshus. Foto: Reidun Jane Heskestad

Utgitt av: Time kyrkjelege fellelsråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellelsråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 1. november.

Min salme

Den kvelden eg fekk spørsmål om å skriva dette, hadde eg hatt salmen på nr 401 i songboka i tankane praktisk talt heile dagen. Difor sa eg ja.

Dette er ein salme som gjev trøyst når livet er tungt. Men eg trur ikkje eg ville ha brukt salmen som forsøk på å forklara liding for ein som nyleg har opplevd eit traume. Eg har sjølv vore i den grøfta at eg prøvde å takla ein tung situasjon så «kristeleg» som mogeleg i staden for å la sorga få rom, til skade for meg sjølv.

Likevel. Når eg ser attende på livet, anar eg litt av det som salmen vitnar om, at Gud har gitt meg noko eg trong gjennom sorg og liding. «Tok han, var det for å gi,» «Vingårdsmannens kvasse kniv tuktet kun til evig liv.»

Bibelen talar tydeleg om dette. Då Lasarus var død, sa Jesus til læresveinane: «eg er glad for at eg ikkje var der.» Både Marta og Maria møtte Jesus med: «Hadde du vore her.» Jesus klandra dei ikkje for det, men gret med dei i sorga. Dette ga von om evig liv, det som denne salmen nemner, til dei og til oss.

Jesu eiga liding er kanskje det beste dømet på dette. Det er vanskeleg å fatta det Han gjekk gjennom. Strofa i ein kjend salme, «Lukk meg i dine smerter inn,» synest eg det er vanskeleg å vera med på. Hadde Gud svara på den bøna, trur eg ikkje eg hadde tolt det. Hans sjel var fylt av angst. Han ba om å få sleppa. Men resultatet blei sjølv hovudsaka i evangeliet, frelse ved Hans død på korset.

Salmen gjev trøyst, tryggleik og kvile under «hav i kok,» når han tok, når hans kniv reinsa treet, når sørgebod kom. For, som Paulus skriv: «Vi veit at alle ting tener dei til gode som elsker Gud.» Ikkje «alle gode ting,» men «alle ting.» Eller som David seier det i salme 145: «Herren er trufast i alt han gjer.»

Difor går det faktisk an å fylgja formaninga til tessalonikarane: «Takk Gud, kva som enn møter dykk!» Difor kan vi også la denne vissa leggja ein dempar på dei bekymringane me måtte ha med tanke på framtida. Det lærer denne salmen oss.

Herren gav og Herren tok


Nils Bolander 1933

1. Herren gav og Herren tok,
Solblank sjø og hav i kok,
Harde slag og åpen favn:
Lovet være Herrens navn!

2. Gav han, var det salighet,
Fryd som ingen grenser vet.
Hver en dag som drog forbi
Nåde var med glede i.

3. Tok han, var det for å gi
Signing, ufortjent og fri.
Vingårdsmannens kvasse kniv
Tuktet kun til evig liv.

4. Salig visshet, stor og sann:
Om han tar, så gir dog han!
Gledesbrev og sørgebud:
Lovet være Herren, Gud!



Oddmund Gravdal, foto: privat.

Kjære Gud, når eg bed,
Lat min tanke kvile i fred,

VARDE 10:13 - EIN FIN PLASS Å MØTAST

Blide, engasjerte vaksne som står i døra og ønskjer velkommen. Her skal alle bli sett! Påmelding via Spond, men ein kan òg koma utan å vera påmeldt. Av med sko og sekk, og så er det klart for lunsj. Slik er det å koma til 10:13 på Lye forsamlingshus.

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Annakvar veke etter skuletid

Onsdagar kl. 14.15–15.45

Barn frå 5.-7.klasse

Kva skjer: Mat, andakt, aktivitetsgrupper: Brettspel, sjakk, matlaging, bordtennis, handarbeid, forming, leksehjelp.

Planlegging

Samarbeid og drøss på kjøkkenet. Planlegging og arbeidsfordeling er unnagjort. Bollane som vart laga sist samling, vert no varma opp. Pålegg og juice er kjøpt inn.

Utstyr til formingsaktivitet er klargjort. Ny deig til bollebaking i dag er klar.

Dei er i gong

Glade stemmer frå elleve barn fyller etter kvart lokalet.

Det er fridag i morgon, så kanskje det er grunnen til at nokre ikkje kjem. Det kan koma opp mot 20 til samlingane.

I dag er det plass til alle rundt eitt bord. Dei vaksne sit rundt eit anna bord.

Det blir latter når Oda Vik Straume, ungdomsleiar i Bryne, Time og Undheim, ber om ro før bordverset. Det er dei vaksne som jabbar.

Oda forklarar kven som skal forsyna seg først. Samtalen går etter kvart lett rundt bordet. Her er det både smil og latter, spørsmål og svar.

– Eg er altså kjempesliten etter å ha teikna 17. mai flagg,” seier ein gut og forsyner seg godt.

Her er mange med god appetitt. Dei fleste forsyner seg fleire gonger. Det minkar raskt på dei 40 rundstykkka!

Etter måltidet er det andakt ved Oda – ungdomsleiar Bryne, Lye og Undheim.

Ho spør: Kvifor har de fri i morgon?

– Jo, det er Kristi Himmelfartsdag, Himmelspretten, seier ein.

– Går det an å fara til himmelen? spør ho vidare.

– Ja, han er jo Guds sønn, svarer ein.

Etter samtalen er det klart for Viggo Klausen – video – “Finnes det bevis?” Clausen tar opp enkle bevis for at Jesus faktisk har levd og sto opp igjen frå dei døde. Enkle argument for at det gir meining å tru på Jesus.

Kl 14.50 Gruppetid og dei kan velja mellom:

Laga rakett



Klippa, bretta, lima papirgirlander.

Spela data – og brettspel og bordtennis.

Sjølvsagt gjer ingen lekser i dag – det jo fridag i morgon!

Samling igjen kl.15.30.

På spelerommet er det gutane som styrer i dag.

Gutane spelar på Nintendo switch.

Eit spel heiter “Smash” - og diskusjonen går høgt om kven dei vil vera.



Svaret er ja!

får vera med fleire på same alder, god mat.

Korleis fekk du vita om tilbodet?

- Kick-off i Bryne kyrkje – Oda fortalde om det, eg fekk ein lapp.
- Fekk vita om dette av venner.
- Eg vart invitert av ei venninne.

Kva synst de om leiarane:

- Gilde, fine å snakka med, folk me kan stola på, flinke, gir god leksehjelp, dei har gode val av aktivitetar til oss, snakkar om ting me synest er ok, ønsker oss alltid velkomne, er snille.

Neste gong skal 4. klassingane bli inviterte.

Kjenner du nokon, ta med lapp og gi han vidare!

I dag er det 3 frå 7. klasse, ingen frå 6. klasse, og resten er 5. klassingar.

Etter quiz er det premiering. Lykkehjulet med namna til dei som er tilstades vert snurra. Stoppar hjulet på namnet ditt, har du vunne og får premie.

Ved loddtrekninga er det òg ekstra lodd til dei som får nye med på 10:13.

Leiarane:

Kva betyr det for deg å vera med?

– Godt å ha noko fast å gå til, godt å få bruka eigne evner – det eg trivest med.

– Fint å vera med – lett å seia ja, for me er så mange at det er muleg å vera borte om det er nødvendig.

– Barna er kjekke, fine å vera

Kva er kjekt med å vera her på Varden?

– Kjekt å spela, kosar oss, gjer gøye ting, kan gjera lekse om eg vil, vera med venner.

– Gildt å vera med andre folk, gode aktivitetar, kjekt å ha noko å gjera etter skuletid, god mat og kjekt måltid.

– Eg åt sikkert fire rundstykke, legg ein til.

Korleis fekk du vita om 10:13?

– Eg fekk vita om dette av mor, seier ein gut.

– Fekk lapp i postkassen eller fekk lapp av mormor, fann det på

heimesida, seier andre.

– Eg fekk eit brev, svarar ein annan.

Bordtennis - først er det jentene som "ruler" her, men til slutt trur eg nesten heile gjengen er samla rundt bordtennisbordet, nokre spelar med stort konkurranseinstinkt mens resten er heilagjeng.

Samtale med 5 jenter:

Kva er best med å vera her?

– Samhaldet, får nye venner, lærer meir om Gud og Jesus, kjekt rett etter skuletid blir kjent med nye,

saman med – kjekt å sjå dei i fin leik.

– Fint å vera med i barne-ungdomsarbeidet – som er ein viktig del av arbeidet på forsamlingshuset.

– Eg får lov å laga deig og baka – gjera det eg likar.

Oda er hovudansvarleg

– men her er så mange frivillige med lang erfaring, så det praktiske er i gode hender, seier ho. Leiarar denne ettermiddagen er: Solveig Skaar Heggheim, Arne Heggheim, Torbjørn Wold, Helga Frantzen, Liv Heidrun Skaar Heskestad og Møyfrid Fosse.

Korleis informerer de om Varden 10:13?

Oda seier at det står om Varden 10:13 i haustprogrammet til Lye forsamlingshus som dei som er medlemmer får. Dei stabile kjem for å treffa venner.

I tillegg til å skriva om Varden 10:13 i programmet til forsamlingshuset, har me informert på nettsida og på felles kick off for alle tweens i Time, delt på Facebook-gruppe for foreldre i dei aktuelle skuletrinna. Vi har ikkje sendt spesifikk invitasjon i postkassar.

Samlingar hausten 2024:

28.08, 11.09 – felles samling for alle 5.-7 klassingar i Time som ein del av "Velkommen hjem" - arrangementet, 25.09, 23.10, 06.11, 20.11, 04.12, 18.12.

Går du i 5. 6. eller 7. klasse på Lye, må du merka deg desse datoane. Du er invitert!



Klar for rakettoppskyting.



Utan tvil - rundstykke er godt.



Treffsikre jenter.

Prøv Alpha

Hvor og når:

Alpha begynner med en middag 25. september i Bryne frikyrkje, kl 19:30
Adresse: Ole Tjøttas veg 1, Bryne

Det blir samlinger hver onsdag kveld kl 19:30-21:30 fram til uke 48.

I uke 46 samles vi både fredagskveld og lørdag formiddag.

For mer info se vår Facebook-event
"Alphakurs på Bryne"

Hva er Alpha?

Alpha er en serie med ukentlige og tankevekkende, interaktive samlinger som bidrar til å oppdage hva kristen tro handler om.

Hvem er det for?

Alpha er for alle som er nysgjerrige. Undervisningen ønsker å oppmuntre til å snakke sammen og utforske det grunnleggende i kristen tro. Det er vennlig, åpent og uformelt. Ingen spørsmål er upassende, og du har mulighet til å delta i samtalen så mye eller så lite som du selv ønsker.

Hvordan er programmet?

Alpha består av 10 samlinger, og dessuten en weekend-tur/lørdag. Hver samling inneholder mat, undervisning og en gruppesamtale der du kan si hva du mener. Når som helst, hvis du mener at Alpha ikke passer for deg, kan du avslutte. Der er ikke noe press, ingen oppfølging og ingen betaling.

Hva koster det?

Det koster ingenting å være med på Alpha, men noen steder spør gjerne om litt for å dekke kostnader til mat.

Alpha



For å registrere deg, send bilde av påmeldingslappen til lachlanmcnicol@gmail.com nedenfor, eller skann QR-koden.

For spørsmål, ta kontakt med
Lachie McNicol
Epost: lachlanmcnicol@gmail.com
Tlf: 940 81 595

FØRNAVN

ETTERNAVN

ADRESSE

POSTNR.

MOBIL

ALDER

EPOST

HVOR FIKK DU VITE OM ALPHA?

MATALLERGIER O.L.

Vi ser fram til å treffe deg



Rør ved vår vilje

I sommar har eg og Leif vore på ein lang køyretur og opplevd store deler av det fantastisk vakre landet me bur i. Me kom så langt nord som til Bø i Vesterålen og fekk oppleve kor lyst det faktisk er når sola skin midt på natta. Vestlandskysten visste eg frå før var utruleg vakker, og det fekk me oppleve igjen på denne turen. Ei lita veke i Oslo vart det òg, og det gler meg å sjå kor fint det er blitt i hovudstaden med mange grøne lunger, fine parkar og bakgardar fulle av blomar og plantekassar med urter og grønsakar.

Midt i gleda over kor fin sommaren er, har eg kjend på ei slags fortviling av at me ikkje heilt klarer å ta inn over oss den truande klimakrisa. Me veit kva me burde gjera, og ein del blir gjort. Likevel kjenner sikkert fleire enn meg på kor små og makteslause me kan oppleve å vera i ei stor verd der det kan synast som det rår ei kollektiv fornektingskrise. Eg ville så

gjernat barnebarn og potensielle oldebarn, både våre egne her i vårt hjørne av verda og andre sine andre stadar skulle få overta ei jord som er frisk og berekraftig.

Eg sette meg ned for å skriva ein salmetekst. Eg trur ei av våre viktigaste bønner i tida framover blir ei bøn om at Skaparen må røra ved oss slik at me vågar å sjå og blir sette i stand til å handla. Teksten vart slik:

Rør ved vår vilje

Rør ved vår vilje, Skapar:

*Rør oss så me kan sjå
Kor vondt og kor vilt me handlar
mot jorda me lever på.*

*Rør våre nakne føter
me trør med på heilag mold.*

*Rør våre harde hjarte,
Skapar me mista kontroll.*

*Rør ved vår tanke, Jesus,
og rør ved våre hjarte mildt.
Fyll oss med mot og varme,*

*me veit me har gått oss vilt.
Rør ved vår egoisme
som seier at alt er vårt.
Rør våre redde tankar,
Jesus, me treng det så sårt.*

*Rør oss, du Heilage Ande,
kom rør ved vår feige tru
på at me er utan ansvar,
ja, rør oss og vekk oss du.
Lei oss i val og haldning
og vis oss kor me skal gå.
Vis oss din veg til handling.
Rør ved oss, gjer det nå.*

*Rør meg, du himmelske kjærleik.
Styrk mine vaklande steg.
Ja, hjelp meg å håpa håpet,
kom styrk meg, og bli hos meg.
Rør meg, slepp aldri taket,
sjølv når eg trur galt er rett.
Rør meg med himmelsk omsorg
sjølv når eg snublar og dett.*

Arne Martin Aandstad har laga ein fin melodi til teksten min. I sin store generøsitet gir han meg lov til å trykkja notene her i Helgedagen.

F maj7 G m7 F maj7/A G m7 F maj7 G m7 F maj7/A G m7
 Rør ved vår vil - je, Ska - par. Rør oss, så me kan sjå kor

5 F maj7 G m7 F maj7/A G m7 F maj7 G m7 F maj7/A /F
 vondt og kor vilt me han - dlar mot jor - da me le - ver på.

9 B♭maj7 G m7 A m7 D7b9 G m7 Fadd9/A C11 C7
 Rør vå - re nak - ne føt - ter, me trør med på hei - lag mold.

13 F maj7 G m7 A m7 B♭maj7 G m7 C13 Fadd9
 Rør vå - re har - de hjar - te, Ska - par, me mis - ta kon - troll.

Else-Marie Bue – ein kjær medarbeidar er borte

Else-Marie Bue døydde brått 7. juni. Ho ville blitt 90 år i september. Trass skrantande helse var ho oppdatert på både nyhende og sport. Ho hadde eit stort kontaktnett. Mange har mist ein god samtalepartner og medvandrar.

TEKST: REDAKSJONEN FOTO: PRIVAT



Redaksjonen i Helgedagen har sidan 2001 hatt glede av Else-Marie som ein engasjert medarbeidar, ein klartenkt, reflektert skribent og ein dyktig korrekturlesar. Else-Marie kom lett i kontakt med andre menneske – både unge og eldre. Med sitt milde, levande blikk og lune smil kom ho tett på dei ho skulle intervju. Ho viste ei særleg interesse for dei som kom nye til landet vårt. Ho brann for at andre kulturar skulle visa igjen i bladet, for ho meinte at her hadde me mykje å læra.

Else-Marie var ein ivrig nynorskbrukar. Når ho las korrektur, forsvann bokmålsorda fort. Ho la sjela si i at bladet aller helst skulle vera utan skrivefeil. Dersom innsende tekstar var for ordrike, var ho ikkje redd for å stryka. Det estetiske var òg viktig for Else Marie, så

ho bruka mykje tid på layouten. Dette var med å gjera bladet betre. Det var ikkje alltid arbeidet med bladet gjekk like lett. Ho arbeidde både seint og tidleg – kanskje oftast seint. For å oppmuntra seg sjølv og oss andre bruka ho å seia: «Det blir nok eit fint blad denne gongen òg».

I dei siste åra hadde Else-Marie ansvar for ei eiga bønne- og salmeside i bladet. Else Marie var svært inspirert av «Stevnemøte med salmeboka» av Vidar Kristensen. Ho var oppteken av å velja bøner og salmar som var aktuelle for tida vi lever i.

Me i redaksjonen vil sakna henne.
Me lyser fred over Else-Marie sitt gode minne.

MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumper av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

Open-kyrkje-kafé

Me var fleire som gjekk med tanken om å skapa eit uformelt treffpunkt i kyrkja. Tanken var å gje eit tilbod om sosialt samver med låg terskel og opne dører.

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE, DIAKON MARIT HØIE HETLAND OG RUTH STABEL BERG

Me vil gjerne skapa eit treffpunkt der menneske kan bli betre kjende med kvarandre. Og me håpar at folk skal kjenna at kyrkja er ein god plass å vera for alle.

Diakoniutvalet står bak desse kveldane, med tre eld-sjeler som hadde lyst til å prøva dette ut. Me har lyst til å praktisera visjonen om den opne famns kyrkje.

Til nå har me hatt tre koselege kveldar med moglegheit til uformelle samtalar med god plass til fleire.



Open-kyrkje-kafé i Brynekyrkja. Foto Ruth S. Berg.

Me håpar at fleire finn vegen hit og opplever at det er ein god plass å vera. Her har folk ein sjanse til å bli kjende med kvarandre og med nye menneske. Me håpar at folk tek på alvor at alle er velkomne hit.

Vegen vidare blir til mens me går. Dersom fleire har lyst å vera med å arrangere desse kveldane så er de og velkomne til å melde dykk til det.

For meir informasjon, sjå annonse side 21.



Open-kyrkje-kafé. Frå venstre Heidi, Marit og Ruth. Foto: Leif Chr. Harboe.



Open-kyrkje-kafé - Heidi Strand Harboe. Foto: Marit H. Hetland.

To gjenbruksbutikkar i same hus

NMS gjenbruk Bryne vert 15 år i haust og har vore i Erlandsbakken 6 (tidlegare Posten på Bryne) sidan 2014. Fretex kom i same bygget frå 2017.

TEKST: IVAR KRISTIAN BERLAND OG JAN ROSLAND

Den samlokaliseringa har vore god for begge butikkane. Vi syner kundane til kvarandre. Pilene for gjenbruksbransjen peikar oppover.

I begge butikkane er alle medarbeidarane frivillege utan løn. NMS har ca 50 og Fretex ca 15 frivillege. Gjennomsnittsalderen er høg. I NMS sluttar nå ei som er 94 år. I Fretex er det ei som nyleg vart 90 år.

Gjenbruksbutikkane er trivelege, sosiale arbeidsplassar der få sluttar dersom dei ikkje har ein eller annan skavank som gjer at helsa seier nå er det nok. Kaffikrokane i butikkane aukar trivselen for kundar og medarbeidarar.

Begge butikkane treng fleire nye unge pensjonistar. Fleksibiliteten er stor når det gjeld kor mykje ein vil delta. Alle oppegåande pensjonistar kan vera med, god opplæring. Ta gjerne kontakt for ein prat om dette. NMS treng for tida mest forsterking i «prisegruppa» og ein sjåfør eller to for køyring av møbler.

Begge butikkane har praktikantar frå NAV / Flyktningetjesten for å læra språk og arbeidstrening. I det seinare har dei fleste vore frå Ukraina. Dette er også ein ressurs for butikkane.

Alle varene vi får inn er gratis. Dei skal vera heile og reine. Vi er takksame for alle som leverer. Men vi likar ikkje at det vert dumpa varer utanfor butikkane, då vert



Frå venstre: Jonas Frøyland, Mikal Berge, Signe Marie Waaland, Kristine Hauge, Liv Ingunn Serigstad, Oddveig Lima, Trygve Hauge, Aslaug Berge, Andor Sandsmark og Anne Turid Ree
Foto: Jan Rosland

det mykje skrot, som det kostar å verta kvitt.

Inntektene og overskotet i butikkane vert nytta litt ulikt. I NMS går overskotet inn i den



Mohamad Arab og Oddny Liv Skårland.
Foto Ivar Berland.

«store» kassen til Det Norske Misjonsselskap og vert nytta til drift, evangelisering, diakonalt arbeid, jordbruksprosjekt, vatn-prosjekt oa i Afrika og Asia. Fretex sitt overskot går til Frelsesarmeen på Bryne til diakonalt arbeid i jærkommunane, Kafe William, eit tiltak for dei som slit med rus og psykiatri. Likeså går Fretex-pengane og Julegryta til utdeling av mat i desember.

Kontaktperson i butikkane er den du kjenner eller:

Fretex Bryne
Ivar Kristian Berland tlf 908 24 923

NMS Gjenbruk Bryne
Jan Rosland tlf 915 93 440

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSSEN

BABYSONG 0-1 ÅR

Velkommen til babysong i kyrkjene våre. Tilbodet er for babyar frå 0-1 år. Me har babysong onsdagar i partalsveker i Bryne kyrkje og Lye forsamlingshus og onsdagar i oddetalsveker i Undheim kyrkje kl. 10.30 - 12.00. De vel sjølve kvar de vil melde dykk på. Oppstart hausten 2024: Undheim kyrkje 28. august, Bryne/Lye 4. september. Me følgjer skuleruta.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 årsalderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Etter samlinga vert det servert kveldsmat til store og små.

Resterande samlingar hausten 2024 vert 24. oktober og 21. november kl. 17.00.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



UTDELING AV BARNEBIBEL PÅ BRYNE, TIME OG UNDHEIM

Alle 4-åringar blir invitert til utdeling av barnebibel i ei gudsteneste.

Datoar:

Time kyrkje:
Gudsteneste 20. oktober kl. 11

Bryne kyrkje:
Familiefokusgudsteneste
20. oktober kl. 11

Undheim kyrkje:
Gudsteneste 27. oktober kl. 10.30

Invitasjon kjem i posten.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus - frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdjar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



ADVENTSKLUBB - 5 ÅR

Alle 5-åringane får invitasjon til adventsklubb i starten av desember. Ta med mor, far, ein besteforelder eller ein fadder og bli med oss og høyr om kva som skjedde den aller første jula. Me skal ha ei lita adventssamling, laga noko fint til jul og så får alle kvar sin overraskelsespose med julekos og boka «Julebarnet».

Datoar:

Time kyrkje: 3. desember kl. 17-18

Bryne kyrkje: 4. desember kl. 17-18

Undheim kyrkje: 5. desember kl. 17-18

Meld dykk på der det passar!

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

- 0 år Dåp og dåpssamtale
- 0-1 år Babysong
- 1 år Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
- 2 år Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min»
- 3 år Krøllekveld
- 4 år 4 års klubb og utdeling av Barnebibel
- 5 år Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje
- 5 år Adventsklubb

Barnefamiliar

Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

PLAN-B - AKTIVITETSDAG 2. KLASSE

15. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me alle 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje. Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute.

NB! Det vert avgrensa tal på plassar. Invitasjonar vert sende ut. Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:

Påmeldinga opnar 15. oktober kl. 08.00.



- 1. klasse - Det store påskemysteriet
- 2. klasse - Superheltsamling
- 2. klasse - Plan B – aktivitetsdag, felles i Undheim kyrkje
- 3. klasse - Tårnagenthelg
- 4. klasse - På sporet av Jesus
- 5. klasse - Tweens-Kick-off
- 6. klasse - Lys vaken i lag, felles i Bryne kyrkje
- 9 -13 år 9:13 i Bryne kyrkje
- 9. klasse - Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.



Helsing frå kyrkjelydspedagogane
Ragnhild Hanssen
og Tone Vold

Bli trusopplæringsabonnent

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

«Open kjellar» på Undheim

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Samlingar for 5. - 7. klasse

Kort andakt

Leik og spel

Kiosk, sal av billege varer

**Frå kl 19 - 21 cirka
tredjekvar fredag**

Ein fredagskveld i mai fekk Helgedagen vera med på «Open kjellar» i underetasjen i kyrkja på Undheim. Denne kvelden var 6. klasse på tur heim frå leirskule, så oppmøtet var litt mindre enn vanleg. Oppslutnaden pleier å vera stor, gjerne 30–40 som møter. Stundom kjem det også born frå Lye.

Kiosken er viktig! Der kan dei kjøpa pizza og brus – og litt godteri. Dei har også grautkveldar, karneval og filmkveld, så programmet varierer. Bordtennis-turneringar har dei òg.

Kveldane er tenkte som eit «lågterskeltilbod» der alle kan koma, og det skal vera rimeleg. Oppstartsgebyret om hausten er på 20 kroner, så det er overkomeleg!

Janne Berge og Grete Aardal er vaksenkontaktar denne kvelden, og dei har vore trufaste i mange år. Det går greitt med to faste, men dei ønskjer gjerne at folk kan hjelpa til litt når det trengst.

Torbjørn Garborg har andakten denne fredagen. Det kriblar litt i ein del karar, men han får applaus når han er ferdig! Torbjørn har òg



ein ja-nei-konkurranse, der det blir ein liten premie på deltakaren som står att til slutt.


Borna kosar seg vidare med spel, drøs og litt godt å eta på. På spørsmål om kva som er kjekkast her, svarar fleire: – Snakka og eta snop. Det er tydeleg at dei trivst saman og har ein fin kveld. På siste møtet før sommaren blir 4. klasse inviterte, så dei kan gleda seg til at

dei blir 5.klassingar og kan få vera med på «Open kjellar» dei òg.

Datoane for «Open kjellar» for hausten er:

16. august, 6. september,
27. september, 18. oktober,
8. november og 6. desember

Etter 7. klasse er tilbodet UKUF, Undheim kristelege ungdomsforening. Våren 2024



Torbjørn har ein quiz-runde.



Alfred og Rudi i 7. klasse spelar biljard.

hadde dei fire samlingar, med møte, aktivitetar og sosialt samvær. Avslutninga var saman med Lye og Bryne.

Gutane på Undheim har òg UGLA, eit gutelag for 4.-7. klasse, annankvar tysdag. Der driv dei med innebandy, snekring, fiskeing med garn, pizza-kveld og grilling. Møta inneheld òg ein liten andakt – og gjerne ein liten quiz. Og så har

dei basar om våren der dei loddar ut tinga dei har laga.

Supermix er tilbodet frå 4 år og oppover. Det er på tysdagar i oddetalsveker, og inneheld ein liten andakt og hobbyaktivitetar. Tidspunkt kl 17–17.45.

Så dersom du bur på Undheim, er dette noko av det du kan bruka fritida på!



Aktivitet og drøs.

Mysteriet Karendrakta

«Kvart år over jul kjøper eg inn materiale til ei Karendrakt og legg i safen, fortel Elisabeth S. Obrestad på kyrkjekontoret. Når eg opnar safen utpå hausten, ligg det ei ferdig brodert Karendrakt der. Det er heilt magisk!»

TEKST OG FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Over 30 år har det vore ei Karen-drakt som hovudpremie på Brynekyrkja sin julemessebasar. Ingrid Haarr er ei av dei som kjenner til løyndommen og historia som ligg bak. Ho har, saman med andre damer i kyrkjelyden, brodert Karendrakta gjennom mange år. Ingrid fortel gjerne litt om samarbeidsprosessen dei har hatt. For at arbeidet skulle vera overkomeleg for dei som var med, fann dei ut at dei kunne dela på broderinga. Ei sydde rognebær og blad, ei bølger og landskap, ei det som var sydd med sølvtråd, ei anna sjølv skjorta. Dessutan var dette ein god måte å få til at motiva som er like, vart likt sydde, sjølv om det var forskjellige som bidrog. Mange har vore med og gjort sin del opp gjennom åra. Dei som har stafettpinnen for tida, er Solvor

Ueland og Helga Johannessen. Ein av kyrkjeringane bidreg kvart år med pengar til innkjøp av sølvet som høyrer til.

Den klassiske grønne Karendrakta vart brodert frå starten av. Dei siste åra har ein laga den svarte, ei fornying mange set pris på. Drakta vert alltid levert umontert, slik at den heldige vinnaren kan få tilpassa drakta til seg.

Kva er utfordringane med slikt arbeid? Dei tre damene smiler litt, og nemner at det kan vera vanskeleg å sy med sølvtråden. Det krev ein eigen teknikk for å sy fuglane slik at dei «flyg», og for å få rognebæra runde trengs mykje trening. Men no går alt lett og greitt, dei har jo så mykje erfaring. Det er berre gildt å sjå korleis motiva veks fram!



Beundring av det nydelege handarbeidet.

Kva er så motivasjonen for å brodera slik, time etter time, år etter år?

Ingrid broderer i over 20 år. Ho ikkje er med no lenger, men fortel at for hennar del var det ein fin måte å støtta opp om det viktige barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden på, då ho sjølv hadde ungdom som var med i Ungkyrkja. Helga likar godt å brodera, og syns det er fint å kunna gjera dugnadsarbeid for kyrkja i eiga stove, når ho sjølv har tid. Solvor set pris på å bidra når ho blir spurd, og syns det var lett å svara ja til ei oppgåve ho kan og likar.

Takk til flittige kvinner som har gjort, og gjer dette vakre handarbeidet i det stille år etter år! Slik gjer dei si teneste for det viktige barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden vår.



Helga Johannessen, Solvor Ueland, Ingrid Haarr.



Den fine solblomen gir meg lyst til å sy igjen!.

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framleis la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Martin Vagles veg

Martin Ø. Vagle (1854-1919) var frå Høyland, men hadde slektstilknytning til Time på morssida. Han var søskenbarn til fabrikkgrunnleggjaren O. G. Kverneland, dei var faktisk fødde same året.

Også Martin hadde entreprenørånd i blodet. I boka «Frå utmark til by» har Kjell Olav Stangeland kalla han «Brynes første gründer». 23 år gammal etablerte han seg på Bryne med hus og smie, like ved den nye jernbanestasjonen. Vagle såg kva Jærbanen kunne ha å seia for næringsdrift, i tillegg kunne han henta vasskraft frå Bryneåna.

Rundt 1880 starta han det som seinare vart «M. Vagles Jernstøberi og Mekaniske Verkstad». Han laga og reparerte ulike landbruksreiskapar, og konstruerte mellom anna ei vasspumpe som vart eit viktig produkt. Vagle utvida etter kvart verksemda, og bygde støyperi og fabrikklokale der som Gamle Bryne Mek. ligg i dag.


Martin Vagle var også den første som brukte elektrisk lys i Time. Det la han inn så tidleg som i 1904.

Litteratur:

Kjell Olav Stangeland: «Frå utmark til by», Jæren Forlag/ Brynes Vel 2021, side 58-60.

Martin Vagle og kona Berit Elisabeth. Foto: Ukjend, henta frå «Frå utmark til by»

Martin Vagles veg ligg – ikkje unaturleg – på industriområdet på Håland, men verksemda si dreiv han på Bryne. Foto: Tom Hetland



Bibelkveldar Hausten 2024

«Det skjedde i dei dagar ...» - Det nye testamentets samtid

Kjennskap til Det nye testamentet si samtid gir oss ein viktig bakgrunn for å forstå dei bibelske tekstane. Foredraga på bibelkveldane vil i år gje oss geografisk og historisk kunnskap som bakgrunn for bibellesinga.

Tysdag 15. oktober vil Jarle Stormark gje oss innblikk i korleis me kan forstå «Det heilage landet» som ein del av Romarriket og gje oss ei geografisk oversikt over Jesu verksemd. Her får me høyra om landskap som Judea, Galilea, Samaria, Dekapolislandet og Jordandalen. Men kva var eigentleg forholdet mellom keisaren i Roma og dei lokale leiarane? Kven var Pontius Pilatus og kva rolle hadde han? Og kva posisjon hadde familien etter kong Herodes den store, som døydd kort tid etter Jesu fødsel?

Tysdag 29. oktober vil Fartein Valen-Sendstad fortelja om Galilea og om Jerusalem på Jesu tid. Jesus vaks opp i Nasaret i Galilea og flytta som vaksen til Kapernaum, som også ligg i Galilea. Samtidig står Jerusalem i Judea sentralt i evangelieforteljinga. Kven var det som budde desse stadane? Og korleis levde folk der? Kven var det som følgde Jesus? Og kan me seia noko om kvinnene si rolle i samfunnet, - det er jo mest menn som er omtalte med namn i evangeliet?

Tysdag 12. november vil Arne Berge ta for seg dei ulike retningane i jødedommen på Jesu tid. I Bibelen høyrer me om dei skriftlærde og om farisearar, saddukear og selotar. Frå andre kjelder kjenner me essearane. Det er heller ikkje unaturleg å rekna dei Jesus-truande som ei jødisk gruppering. Kva var det som særprega dei ulike retningane? Og kva var forholdet mellom dei?

I det siste foredraget vil Arne Berge sjå nærare på Paulus si verksemd. Paulus reiste rundt i store delar av Romarriket og forkyste evangeliet i fleire av dei viktigaste byane i samtida. Han skreiv fleire brev som sidan blei ein del av Det nye testamentet. Men kva veit me om livshistoria hans? Korleis arbeidde han? Hadde han både kvinner og menn som medarbeidarar? Og korfor blir han kalla «heidningane sin apostel», når han der det var mogleg, først forkyste i synagogen?

Me trur mange vil ha utbytte av desse kveldane, og inviterer bibelgrupper og foreningar til å legge samlingane sine til bibelkveldane. Sjå annonse side 22.



Skrifta på veggen

TEKST IVAR JOHANNESSEN

Skrifta på veggen

«Skrifta på veggen» eller «å sjå skrifta på veggen» er eit uttrykk som me av og til kjem over. For eksempel nytta NRK uttrykket då dei rapporterte frå tumultane rundt Krf og Bollestad. Ei av Gunnar Stålesen sine krim-bøker om Varg Veum heiter «Skriften på veggen», denne er også filmatisert. Me bruker det om ei åtvaring, eller om at nokon burde forstå at noko er gale eller kan gå gale.

Dette uttrykket kjem frå den utruleg spennande saga om Daniel. Daniel har me høyrte om, men her kjem ein kort repetisjon. Du kan sjølv lese heile historia i Daniels bok.

Jerusalem vart herteke av kongen i Babylon. Han rana tempelet, og tok med seg nokre unge israelarar

av høg ætt attende til Babylon. Slik kom Daniel til Babylon. På denne tida var tyding av draumar og teikn viktig, og her hadde Daniel framifrå evner. Gong på gong hjelpte han kongen, særleg når kongen sine eigne draumetydarar, åndemanarar, trollmenn og stjernetydarar ikkje kunne hjelpe. Daniel vart verande ved kongens hoff.

Kongen heldt ein gong eit festmåltid for dei tusen stormennene sine. Då han etter kvart vart rusa på vinen, bad han om at gullkara frå tempelet i Jerusalem skulle finnast fram. Han og gjestene drakk av dei, og prisa samstundes sine eigne gudar. Då såg alle at fingrar av ei menneskehand skreiv på veggen. Ingen av draumetydarane eller dei andre vismennene kunne tyda orda, og Daniel vart kalla inn. Han sa til kongen at tydinga var at kongen skulle dø. Det var av di kongen drakk av begeret til

den Gud som har livet i si hand, og samstundes prisa andre gudar. Same natta vart kongen drepen, og riket hans overteke av framande herskarar. Skrifta på veggen var altså ei åtvaring om noko vondt som skulle hende.



Dåp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

Velkommen til kyrkjemiddag- tacofredag i Brynekyrkja



Fredag 20. september – kl. 17.00-19.00

- Tacomiddag for heile familien
- Samling og aktivitetar for barna
- Kaffipause og drøs for dei vaksne

Her får me koma til dekkja bord, middagen slepp me å laga sjølve. Aktivitetane er spesielt tilrettelagde for barnefamiljar, alle er velkomne, veldig kjekt om akkurat DU kjem !!!


Det er påmelding på arrangementet. For påmelding kan denne QR-koden brukast, eller du kan gå inn på www.brynekyrkja.no og melde deg på der.

Velkommen



HAUSTFEST

i Bryne kyrkje



**Søndag
27. oktober
kl. 15.00**

Program:

- Kåseri ved Arne Nordbø
- Song av Frimenn
- Innslag av kulturskuleelevar
- Andakt v/Kjell Børge Tjemsland
- Allsong, god mat, kaffi og drøs! Kollekt

Treng du skyss, ring kyrkjekontoret seinast fred. kl. 14.00 på tlf. 51770377

Velkomen!

Arr. Bryne diakonitval



JULEMESSE I BRYNE KYRKJE

LAURDAG 30. NOVEMBER 2024

KI 11.00 SALSMESSA

Andakt. Barnekoret deltek. Aktivitetar for barn. Sal av handarbeid, dekorasjonar, gravpynt, småkaker mm. Kafé og åretrekning

KI 18.00 JULEMESSEFEST

Tale av prost Lars Sigurd Tjelle. Song av Jærklang. Elevar frå kulturskulen deltek. Åretrekning og hovudtrekning. Kaffi, smørbrød og kaker.

Inntektene går til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, og til kyrkjelyden sine misjonsprosjekt for NMS og Den Norske Israelsmisjon.

VELKOMMEN!

Bryne sokneråd



ÆREFRYKT FOR JORDA SUNDAG 17. NOVEMBER

KL 11. JORDDØGN GUDSTENESTE: JORDMESSE

Gudsteneste med jord som tema.
Bryne kyrkje og Jorddøgn arrangerer
Prest: Stein Ødegård.
Tema: Ærefrykt for jorda

KL 13:00 JORDDØGN-SAMTALE: HAR KYRKJA GLØYMT FORVALTARANSVARET?

Gud gav menneska i oppgåve å ta vare på jorda. Då er vel klima- og naturkrisa eit bevis på at kyrkja og me alle har svikta? Ein samtale om teologien og naturen, og om kyrkja si rolle i det som liknar ei endetid... eller eit nytt Eden?



Ida Gilbert,
forfattar



Stein Ødegård,
sokneprest



Heidi Strand Harboe,
diktar og lærar



Torvald Hadland,
ordstyrar, sosialpedagogisk
bonde

Servering av haustgryte med kortreiste råvarer
Pris for å delta på samtale og middag: 250,-

Bryne
Kyrkja

JORDDØGN

FØLG JORDDØGN
PÅ FACEBOOK
FOR MEIR INFO:



BIBEL- KVELDANE 2024

**Bibelkveldane er eit trus-
opplæringstiltak for
vaksne. Temaet for årets
bibelkveldar er «Det
skjedde i dei dagar...» - Det
nye testamentets samtid.**

Dato: 15.10, 29.10 og 12.11.

Møtetid: Kl. 19.00 til 21.15.

Det vert to innlegg kvar kveld
og høve til å stilla spørsmål.

Kaffipause mellom innlegga.

15. oktober

Foredragshaldar:
Jarle Stormark, første-
amanuensis ved UiS

Tema: «Det heilage landet»
som ein del av Romarriket

Geografisk oversikt over Jesu
verksemd

29. oktober

Foredragshaldar:
Fartein Valen-Sendstad,
professor em. ved UiS.

Tema: Galilea på Jesu tid
Jerusalem på Jesu tid

12. november

Foredragshaldar: Arne Berge,
tidl. sokneprest i Bryne og Hinna

Tema: Ulike retningar i
jødedomen på Jesu tid

Paulus si verksemd



Me ønskjer å invitere deg til:

Torsdagstreff i Bryne kyrkje



Program hausten 2024:

19. september Kåseri v/Erik Eidsvig
Tema: «Rotur frå Nordkapp til Lindesnes»
Matservering, songstund og andakt

17. oktober Kåseri v/Marit Rommetveit Staveland
Tema: «Utdrag frå mor sine dagbøker
under 2. verdenskrig»
Utlodning
Matservering, songstund og andakt

21. november Kåseri v/Njål Underhaug
Tema: «Oppvekst i Bryne»
Matservering, songstund og andakt

Samlingane er kl. 14:30- 16:30.

Alle velkommen

Lurar du på noko er du velkommen til å ta kontakt.

Til alle born frå 3. klasse og oppover....

Likar du å syngja og/eller dansa? Bli med på eit kjekt prosjekt:

Sundag 15. desember kl. 11:00 skal me framføra «Fest i Guds hus» i Bryne kyrkje. Det er ei messe skriva av Skeie/ Knutson, ei familiegudsteneste der adventstradisjonane får klinga ut og virka som ei førebuing til jul. Advent er ei bots- og førebuingstid. Likevel ber gudstenesta preg av fest og forventning. Her trengs både vaksenkor, barnekor, songsolistar, dansarar og instrumentalistar for at adventsmessa skal kunna gjennomførast.

Nå utfordrar me etter born som vil vera med å syngja i prosjektkor og/eller dansa. Barnekolet og borna si deltaking er svært viktig i opplegget.

Me har sett opp nokre øvingstidspunkt. Alle øvingane er i Bryne kyrkje. Du kan koma rett ifrå skulen, og me startar øvingane med bollar og saft, og avsluttar med ein is. Håper du vil vera med.

Øvingstider:

Tysdag 5. nov.	kl. 13.30 -15.00
Tysdag 12. nov.	kl. 13.30 -15.00
Fredag 22. nov.	kl. 13.30 -15.00
Fredag 6. des.	kl. 13.30 -15.00
Laurdag 14. des.	kl. 10.00 Generalprøve med alle aktørar.
Sundag 15. des.	kl. 11.00 Framføring.

Påmelding til marit@timekyrkja.no eller mob. 911 63 039.




Velkommen til Open-kyrkje-kafé

Måndagane:

23. sept. og 21. okt.

kl. 18:00-20:00

Stad: Kyrkjestova i Bryne kyrkje



Me opnar opp kyrkjestova i kjellaren i Brynekyrkja til Open-kyrkje-kafé. Med dette inviterer me til ein triveleg møteplass der ein kan få seg ein kopp kaffi og noko enkelt å eta. Kom gjerne innom dersom du synest dette høyrst gildt ut, og ta gjerne med deg fleire.

Kanskje treff du nokon nye folk?



Arrangør: Diakoniutvalet i Brynekyrkja

VELKOMMEN



Misjonssamling i Bryne kyrkje

Søndag 3. november kl 19.00

Madagaskarmisjonær

Sigrunn H. Arnesen

Jærklang

Kveldstankar

Enkel bevertning

Kollekt til misjonsprosjektet i regi av NMS

Alle hjarteleg velkomne!

Sigrunn Hagen Arnesen, tidlegare mangeårig Madagaskarmisjonær og nå sokneprest i Hjelmeland, Fister og Årdal, vil gi fersk informasjon om Bryne

kyrkje sitt misjonsprosjektet knytt til Madagaskar. Ho var på besøk på Døveskolen i mars og har nettopp kome heim frå ein privattur til Madagaskar. Som eit av dei fattigaste land i verda, har Madagaskar framleis store utfordringar og dei treng vår støtte både økonomisk og i form av forbøn. Samstundes er den lutherske kyrkja på Madagaskar livskraftig og veksande, og dei har mykje å tilføra oss av gode impulsar.

Blandakoret Jærklang vil gleda oss med song og det blir enkel bevertning, med mulighet for gode samtalar i etterkant av presentasjonane.

Sjømannskirken

Time Sjømannskirkeforening har basar fredag 18.oktober kl 19.00 i Bryne kyrkje

Jærklang og Gisle Meling er med.
Kaffepause. Du er velkommen

**Open kyrkje
Allehelgensprogram i Time kyrkje**

"Ord og tonar til håp og trøyst"

Laurdag 2. november

kl.11.00 – 14.00,

Kyrkja og kyrkjetoget har ope.

Du kan tenne eit lys, vi har tid til samtale.

Du kan sitja i ro og fred inne i kyrkja.

Du kan koma innom og få deg ein kopp kaffi og noko å bita i.

Kl. 12.00 -13.00,

"Ord og tonar til håp og trøyst."

Dikt og skriftlesing ved Heidi Strand Harboe

Orgeltonar ved Per Olav Egeland

Arr: Time sokn

**Fredagskveld på Kyrkjetoget
Time kyrkje**

15.nov kl. 19.30

Kveldens gjest:
Bolette Hognestad Ree

Songgruppa Shalom

Fredagskveldane på Kyrkjetoget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet.
Komitéen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen



Velkommen til Misjonskafé på Lye forsamlingshus laurdag 19. oktober kl. 16.00.

- Det blir sal av mat og stort Lotteri der du kan hente gevinstar med ein gong.
- Salsbod med forskjellige varer.
- TT koret og Lye barnegospel blir med og syng for oss.
- Film om NMS si misjonshistorie og misjonsfelt.
- Forteljing og bilde frå Peru og Bolivia ved Janne Birgitte Ueland.

God tid til mat og prat!

Arr: Lye NMS kvinneforening
All inntekt går til Det norske misjonsselskap.



STRIKKEKAFÉ På Lye forsamlingshus

Torsdagane
26. september
31. oktober
28. november

Klokkeslett 19.30 - 21.30



Salmekveld

Time kyrkje
søndag 20.oktober kl.19.00



Me syng saman frå salmeboka.

Medverkande:

Ragnhild Hanssen med gruppe
Dekor
Songgruppa Shalom
Jærklang
Musikarar

Kveldens gjest: Håkon Rettedal Losvik

Kollekt til trusopplæringa på Undheim og i Time

Velkommen frå bygd og by

TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

SIDENSVANS

Sidensvansen må vel vera den flottaste fuglen ein kan få sjå her i landet? Den elegante fjørtoppen på hovudet og dei knallgule og raude stripene på vengene gjer at fuglen ikkje er til å ta feil av.

I hekketida held fuglen seg i avsides barskog nord i Skandinavia og Russland. Han byggjer reir av skjegg-lav, strå og tynne kvistar. Sidensvansen er sky i hekketida, og den som vil finna reiret har eit krevjande prosjekt framfor seg! I tida fuglen held seg der nord et han ulike insekt. Mygg skulle det i alle fall vera nok av!

Når hausten kjem, samlar sidensvansen seg i mindre og større flokkar og trekkjer sørover. Det er slutt på mylderet av insekt i hekkeområda, og no er det plante-kost som gjeld. Bær av ulike slag som t.d. rognebær og hagtornbær går ned på høgkant. I løpet av ein dag kan han eta fleire gonger si eiga kroppsvekt! Det er i denne



tida me kan få gleda oss over synet av sidensvans også her hos oss. Han kjem i flokkar på gjerne 10-20 fuglar og brukar ikkje lang tid på å snaua ein busk for bær. Ofte høyrer ein lyden av fuglane før ein får sjå dei. Høyrer du ein klokkeklar trille på denne tida, så må du stoppa og sjå deg rundt. Kan henda du då kan få nyta synet av desse vakre fuglane.

Hjernetrim

HelgeKryssord 4/24



LAGA AV: GABRIEL TENGSAEID

Vassrett

1. Åtvaring. Frå Salomos Ordtøke 29
13. Magi
17. Frø
20. Siderom i kyrkja
23. Gutunge
24. Tid då månen minkar
25. Fri
27. Fortumla
- 28 Tidsskjema.
31. Flyttype
32. Fuglen
33. Sprut
35. Strekkjer ut
36. Rovfugl.
37. Volumeining
38. Svell (imp.)
39. Hannfugl
42. Avdrag
45. Pilar
47. Skyming
49. Snakke
50. Tøystykke
51. Villkår
52. Flyselskap
53. Finsk badstove
55. Retina
58. Vekst
59. Renn (imp.)

Loddrett

60. Vrinske
62. Batteritype
63. Føde
64. Emballasje
- 2 Vice Versa
3. Tid for å hugse
- 4- Vekedagane
5. Arvestoff
6. Nord-europeiske
7. Svimmel
8. Leivning
9. Bak
10. Viktig test
11. Innfall
12. Lydar
14. Islaget
15. Preposisjon
16. Side
18. Steinsøyle
19. Firkant
21. Elte
22. Otte
26. Pronomen
29. Ø
30. Opna
34. Balltreet
35. Rå
40. Kjerneved



41. Leggje seg
- 43 Konjunksjon
- 44 Finst
45. Rettskaffe
46. Fritt

48. Ektefelle
51. Ringja jamt
54. Løkkemiddel
56. Drag
57. Bilorganisasjon


61. Meisterskap
- 64 Polen
65. Uttrykk for overrasking



Barnas



Fargelegg!




Teikning: Kari Sortland

Vitsar

– Kelner!
Fluga i suppa
mobbar meg!
– Ja. Det er ei
ertesuppe.

– Hunden min har
lært seg å snakke!
Det er heilt sant!
– Eg veit det. Bikkja
mi fortalde det
i går.

Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2
og så vidare. Kva skjuler
seg her?

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du
dei fem feila i biletet under?



Teikning: Alessandra Coppola og
Salvatore Callerami



Søndagsskolen – mer enn du tror

TROENS MENN – UNG

**Sokneprest i Time
inviterer til kurset
Troens menn – Ung.**

Kurset er for
aldersgruppen 16-25
år og foregår som
lørdagssamlinger
på 1,5 time hjemme
hos Yngvar Nilsen.


Det er til sammen
sju samlinger fra
januar til juni 2025,
med oppstart 18. januar kl. 09.00.

Troens menn - Ung vil gi hjelp til å utruste unge
menn til å møte utfordringer i hverdagen.

Kurset fullfinansieres av Time sokneråd med
støtte fra K-stud.

Ta kontakt med soknepresten på e-post for
påmelding eller mer informasjon.

yngvar.nilsen@timekyrkja.no



BAKEDUGNAD I BRYNE KYRKJE

Bli med å baka småkaker til julemessa!
Av erfaring veit me at alle småkaker blir selde!

Laurdag 2. og 23. november kl 9.30 blir
det bakedugnad i kyrkja!

Me stiller med både deigar og ekspertise,
men treng fleire hender! Så her er det bare
å stilla med forkle, bakematte (om du har)
- og arbeidslyst - på kjøkkenet i underetasjen.

Velkommen!

Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne. Gruppene er livssynsopne.

Grupper for vaksne

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein
av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med
Diakon i Bryne: marit@timekyrkja.no

Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

Barnegruppe

Det finst òg gruppe for born mellom 4. – 7. klasse. Desse gruppene
er spesielt tilrettelagde for born. For meir informasjon om desse
gruppene, ta kontakt med diakon i Bryne på tlf. 911 63 039 eller
marit@timekyrkja.no



EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	 DEN NORSKE KYRKJA
 Bonde Kompaniet Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149 4340 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	 Bogh Høfö BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKILT
 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	Byggelaget	 REIME VARMEPUMPER OG SPA www.reime.no Tlf. 51 73 14 22
 DEN NORSKE KYRKJA	 Renovasjons- service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	haver_____ Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
 PRIVATMEGLEREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 85 00 • jaerend@privatmegleren.no	 Rogalandshus	
REMA 1000 Håland	 Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it	Sjekk Punkt www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS Prestegardmarka 1 4340 Bryne
 e i k h i	EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net  elkonör	 jæren sparebank

VI TRENG FRIVILLIGE.


Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon
og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



 **KIRKENS
SOS**



DØYPTE

BRYNE KYRKJE


14.04.24	Milano Vaaland Reime
05.05.24	Olivia Worum
	Ulrik Wilhelmsen Hatteland
19.05.24	Noah Bye Aksnes
	Jenny Hetland-Mahmutovic
16.06.24	Ina Østvold
	Iva Bergene
	Mia Ueland-Lode
	Marie Byberg
21.07.24	Teo Wohlrab
18.08.24	Einar Håland Ohm
	Amanda Helland
	Daniel Cherono Ånestad
	Sigrid Ree Bohne

TIME KYRKJE

20.04.24	Eah Haugseng
	Iben Berge
	Belle Luna Isaksen Undheim
	Torben Klingsheim Lima
13.05.24	Kali Stokkeland-Hegre
19.05.24	Victoria Sherrilyn Kyvig
	Sofie Vanida Serigstad
16.06.24	Oscar Siqveland
	Ragnhild Grødeland
	Margit Nyberg
30.06.24	Herman Thunheim
13.07.24	Mia Aurora Helland Sætre
11.07.24	Jesper Falch Hanevik
	Mia Myrabakk
	Alvhilde Rosland Mehus
	Emil Bjørkhaug Mikalsen
	Nikola Serigstad-Aase
	Tobias Mølstre

UNDHEIM KYRKJE


28.04.24	Mikal Marinius Aardal
18.08.24	Alva Dagestad Tunheim



VIGDE

TIME KYRKJE

08.06.24	Isabelle Sarah Morterud og Annar Kastet
	Bente Kverneland og Martin Kverneland
15.06.24	Hege Førland og Odd Egil Nes
	Gunvor Kristine Nedrebø og Sindre Nedrebø
	Maria Salte og Filip Hoelgaard
22.06.24	Olinda Berge Stangborli og Georg Stangborli
	Ingrid Hebnæs Vinje og Ingvild Rosseland Skretting
13.07.24	Ingebjørg Johansson og Kristian Brage Hånes Sætre
	Katrine Hagen og Morten Salte Risa
03.08.24	Carina Løvik Scheie og Kristian Scheie
10.08.24	Solvor Jondahl Alvestad og Tord Storhaug Auestad
	Kine Marie White Anda og Sander Sigurdsen
16.08.24	Hilde Risa og Trond Murvold
17.08.24	Ida Undheim og Atle Gudmestad
	Iris Holen og Mats Nevland
23.08.24	Anette Mellemstrand og Tore Kvalvik



GRAVLAGE

April

Modolv Bergene
Torbjørn Ødegård
Bjørn Lode
Sverre Lima
Asgeir Tunheim

Mai

Sigvald Riskild Frøiland
Stein Egeland
Martine Vestly Grønhaug
Oddny Audhild Haugland
Torleiv Kalberg
Else Laura Storhaug
Hans Christian Olsen
Ingunn Norheim
Haldis Gurine Tunheim
Gudbjørg Lunde

Juni

Kurt Olav Sola
Odd Arild Tegle
Harald Moe
Astrid Oline Fosse
Per Ragnar Larsen
Abraham Kalberg

Juli

Alf Djøseland – Varhaug krk
Leikny Aldeholm
Knut Kverneland
Hans Peter Ketelsen Hahn
Nils Johannes Haavardsholm
Håkon Herlaug Helleve
Jessie Stenberg
Kjell Arne Serigstad
Jan Egeland
Per Grødem
Gunnar Salamonsen
Leif Reidar Robberstad
Bjarte Sandsmark – Nærbø krk
Anne Britt Kydland
Torleiv Undheim

August

Per Sverre Gravdal
Margot Ree
Aksel Randulf Frøyland
Johanna Norheim
Sigve Emil Oseland
Nuel Ree
Jarle Dye

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTELEFON

NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt

www.novabegravelse.no

Møyfrid
Hersdal og
Hanne Brit
Sandsmark



 Velkommen til
gudsteneste


Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Søndag 22. sept.

Bryne kyrkje

11:00

Time kyrkje

11:00

18. søndag i treeiningstida

Gudsteneste

Gudsteneste med dåp

Matt 8,5-13Nattverd,
søndagsskule

Dåp, søndagsskule

Søndag 29. september

Lye forsamlingshus

10:30

Undheim kyrkje

10:30

Bryne kyrkje

11:00

19. søndag i treeiningstida

Gudsteneste med nattverd

Gudsteneste

Gudsteneste for store og små

Joh 7,14-17Nattverd,
søndagsskule

Dåp

Dåp

Søndag 6. oktober

Bryne kyrkje

11:00

Time kyrkje

11:00

20. søndag i treeiningstida

Gudsteneste

Gudsteneste med nattverd

Mark 10,2-9Dåp, Nattverd,
søndagsskule

Nattverd

Søndag 13. oktober

Lye forsamlingshus

10:30

Undheim kyrkje

10:30

Bryne kyrkje

19:00

21. søndag i treeiningstida

Gudsteneste med nattverd

Gudsteneste

Kveldsgudsteneste

Luk 16,19-31Nattverd,
søndagsskule

Nattverd

Nattverd, Tema:
"Leva enklare
og fremja rettferd"**Søndag 20. oktober**

Bryne kyrkje

11:00

Time kyrkje

11:00

Bryne kyrkje

18:00

22. søndag i treeiningstida

Familiefokus

Gudsteneste med nattverd

Søndagstreff-gudsteneste

Joh 12,35-36

Nattverd

Tilrettelagt for
personar med
utviklingshemming**Søndag 27. oktober**

Lye forsamlingshus

10:30

Undheim kyrkje

10:30

Bryne kyrkje

11:00

Bots- og Bønedag

Gudsteneste med nattverd

Gudsteneste

Gudsteneste

Luk 18,9-14Nattverd,
søndagsskule

Dåp

Nattverd,
søndagsskule**Søndag 3 november**

Bryne kyrkje

11:00

Time kyrkje

11:00

Allehelgensdag

Gudsteneste med dåp

Gudsteneste

Matt 5,13-16Nattverd,
søndagsskule

Dåp, søndagsskule

Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.

Velkomen til gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Søndag 11. november

Lye forsamlingshus	10:30
Undheim kyrkje	10:30
Bryne kyrkje	11:00

25. søndag i treeiningstida

Gudsteneste for store og små
Gudsteneste
Gudsteneste

Matt 14,22-34

Nattverd
Nattverd
Dåp, søndagsskule

Laurdag 16. november

Time kyrkje	12:30
-------------	-------

Dåpsgudsteneste

Matt 14,22-34

Dåp

Søndag 17. november

Bryne kyrkje	11:00
Time kyrkje	11:00
Bryne kyrkje	18:00

26. søndag i treeiningstida

Jorddøgn-gudsteneste
Gudsteneste med dåp
Søndagstreff-gudsteneste

Joh 9,1-7.35b-38

Søndagsskule
Dåp, søndagsskule
Tilrettelagt for personar med utviklingshemming

Søndag 24.11.2024

Lye forsamlingshus	10:30
Undheim kyrkje	10:30
Bryne kyrkje	11:00
Bryne kyrkje	19:00

Domssøndag/Kristi kongedag

Gudsteneste med nattverd
Gudsteneste
Familiefokus
Kveldsgudsteneste

Matt 25,1-13

Nattverd, søndagsskule

Nattverd

Nattverd

Søndag 1. desember

Bryne kyrkje	11:00
Time kyrkje	11:00

1. søndag i advent

Gudsteneste
Gudsteneste med nattverd

Matt 21,10-17

Nattverd, søndagsskule
Nattverd

Lys på gravene

Å setja lys på gravene til våre kjære er ein fin tradisjon. Det er flott å gå på gravplassen å sjå alle lysa som lyser opp og minner oss om dei som ikkje er blant oss lenger.

Dessverre er det eit stort problem at dersom fuglane får tak i desse lysa, kan dei ta dei med seg og sleppa dei frå seg på markene rundt omkring. Dette fører igjen til at metallbitar frå lysa kan koma i føret til dyra og føra til store lidningar og i verste fall avliving/ død.

Alle lys skal derfor stå i lukka lykter for å hindra fuglane i å få tak i dei.

Gravplassforvaltinga i Time